

Brødrene Hindenes AS
Heiane 10
5131 NYBORG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1872 - 14/6644

Saksbehandlar:
Siril Therese Sylta
Siril.Sylta@lindas.kommune.no

Dato:
21.03.2014

Igangsettingsløyve for heile tiltaket - gbnr 7/15 Stall

Administrativt vedtak. Saknr: 37/14

Arbeid godkjent i rammeløyve datert 28.11.2013 vert nå tillete sett i gong.

I medhald av plan- og bygningslova (pbl) §§ 23-4 til 23-6 vert søknad om ansvarsrett med funksjonar og ansvarsområde som skildra under avsnittet «Ansvar og kontroll» godkjent.

Ansvarlege føretak skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk samt godkjente kontrollplanar. Arbeid må ikkje utførast utover det som er omfatta av igangsettingsløyvet.

Mellombels bruksløyve/ferdigattest kan ikkje gjevast før følgjande vilkår er oppfylt:

1. Det må dokumenterast at eigedommen har tilstrekkeleg og hygienisk forsvarleg drikkevatt, jf. pbl § 27-1.

Plan- og bygningstyresmaktene legg til grunn at ansvarleg søker formidlar aktuelle krav vidare til utførande føretak.

Ansvar og kontroll:

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett ved rammeløyve:

Foretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Brødrene Hindenes AS	S	SØK/1/

Ved søknad om igangsettingsløyve vert også ansvarsrett godkjent for:

Foretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
---------	------	--------------------------------------



Brødrene Hindenes AS	L	PRO/1/overordna ansvar prosjektering
Lindås Rør og Sanitær AS	S	PRO/1/sanitær, varme og slukkeinnstallasjonar
ANKO As	S	PRO/1/Plassering av bygg
Brødrene Hindenes AS	S	UTF/1/Tømrerarbeid, murarbeid, ventilasjon og klimainnstallasjonar, radonsperre
Lindås Rør og Sanitær AS	S	UTF/1/ sanitær, varme og slukkeinnstallasjonar
ANKO AS	S	UTF/1/kontrollmåling grunnmur
Frode Haugsvær Maskin AS	S	UTF/1/grunnarbeid, landskapsutforming og plastøpte betongkonstruksjonar

* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning.

Då den opphavelige søknaden er sendt inn før 01.01.2013 gjeld ikkje kravet til uavhengig kontroll i denne saka.

Tryggleik mot fare:

I rammeløyve vart det sett vilkår om at det må dokumenterast og skildrast kva sikringstiltak som skal utførast i samsvar med rapport om skredfare, jf. rapport frå Sweco datert 23.10.2013.

I saka er det sendt inn sluttnotar frå Sweco datert 20.12.2013 ang. skredfare. I rapporten går det fram at dei naudsynte sikringstiltaka er utført, ved endra plassering av bustad utanfor faresonegrense for skred mot bustadar, samt at 2 steinblokker er fjerna.

Ytterlegare tiltak som skred er etter dette ikkje naudsynt.

Plassering og høgdeplassering:

Høgdeplasseringa vert godkjent til sokkelhøgde kote + 59,0, jf pbl § 29-4 første ledd.

Plassering av tiltaket skal utførast i samsvar med dette vedtaket og godkjente teikningar. For plassering gjelder toleransegrenser for områdetype 3, jf standarden "Plassering og beliggenhetskroll".

Tiltakets plassering skal koordinatbereknast , før utsetting av hushjørnet på tomta. Kart- og koordinatliste for ferdig plassering skal vedleggjast søknad om mellombels bruksløyve eller ferdigattest, jf pbl § 21-10.

Gebyr

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ for 2014.

Skildring	Antall	Beløp
C.5.2.a Søknad om igangsetting	1	2.800
Totalt gebyr å betale		2.800

Klagerett:

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket:

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Med helsing

Siril Therese Sylta
konstituert fagleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Sondre Stall

Stallavegen 146 5993

OSTEREIDET

Mottakarar:

Brødrene Hindenes AS

Heiane 10

5131

NYBORG